



Rød rhododendron på Neset

Visste du at det eksisterar noko slikt som 1000 artar av rhododendronslekta, ei av dei største slektene i planteriket? Er den raude først utte med blomane sine om våren. slik den tydelegvis er i Uskedalen no om dqqen?

Det lyser raudt både her og der men ikkje kan vi det eksakte namnet på denne arten. Gjer nokon som også har sans for blomar det?

Rhododendron er i det heile så mangt - frå krypande fjellplantar til 30 meter høge tre. Det same gjeld geografien. Berre på New Guinea veks det 164 artar. Men den er ikkje å finna i Afrika og Sør-Amerika.

Rhododendron høyrer til lyngfamilien og rhodos tyder rose og dendron tre.

I Noreg kjenner vi ikkje minst artene lapprose og finnmarkspors og vi har rundt 400 av artane her i landet. Ein art i Kina er oppkalt etter ein norsk misjonær - det er rhododendron amundsenianum.

Nokre artar har spreidd seg så mykje at dei har vorte eit problem - ikkje minst i Storbritannia. Det har til dømes ført til forgifting av husdyr. Men rhododendron er også giftige for menneske.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen